

Vedtekter for Bjørnevatn løypelag vedtatt i årsmøtet 1.10.21

§1 Namn

Organisasjonen sitt namn er Bjørnevatn løypelag og er stiftet 13. mai 2011.

§2 Adresse

Løypelaget si adresse er 4747 Valle, i Valle kommune.

Postadresse er Bjørnevatn løypelag, Pbxx, 4747 Valle.

§3 Føremål

Løypelaget sitt føremål er å drifte skiløyper i området Bakkebu - Bjørnevatn. Det betyr at ein skal skaffe eller leige utstyr, eller leige tenester til slikt føremål.

Løypelaget har et ikkje-økonomisk føremål. Laget skal ikkje drive næringsverksemd, og heller ikkje utbetale utbytte til medlemmane. Eventuelt overskot skal avsettast til framtidige investeringar og drift.

Verksemda kan omfatte sommaraktivitetar som til dømes rydde og merke trasear for skiløyper.

§4 Medlemmar

Medlemmar er grunneigarar og hytteigarar i Bjørnevassområdet, fastbuande i Valle kommune, bedrifter eller lag og foreningar i Valle kommune. Det betales ikkje kontingent.

§5 Årsmøtet

Årsmøtet er høgaste organ i laget. Ordinært årsmøte skal haldast etter at skisesongen er over, innan utgangen av september kvart år. Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret eller minst 5 grunneigarar i løypeområdet krev det. Innkalling skal skje skriftleg. Saker ein vil ha fremja på årsmøtet må vere styret i hende seinast 14 dagar før årsmøtet.

Årsmøtet skal:

1. Godkjenne årsmelding
2. Godkjenne revidert rekneskap
3. Evaluere førre sesong
4. Velje styremedlemar, styreleiar og revisor. Styremedlemmar skal velgast av det grendelaget dei tilhøyrer. Representantane frå velforeningene skal veljast av hytteigarane. Valle IL vel sin representant.

§6 Styret

Løypelaget skal ha eit styre med 7 medlemmar med fylgjande representasjon:

- Grunneigarane i Gardane 1 representant
- Grunneigarane på Flateland 1 representant
- Grunneigarane på Rygnestad 1 representant
- Valle IL 1 representant
- Velforeiningar i området 3 representantar

Det er berre medlemmar som er valbare til styret. Styremedlemmane er velt for 2 år. Når det gjeld eigendomsforhold har de tre grunneigarane vetorett.

Styret skal:

1. Velje nestleiar, sekretær og kasserar
2. Innkalle til styremøte og årsmøte
3. Gjere avtalar om oppgåver og ansvar med løypekøyrar
4. Fastsette løypeavgift og krevje inn den frå hytteigarar og andre brukarar
5. Søke om tilskot til drift frå Valle kommune og Valle sparebank
6. Legge til rette for at dt fremmes valgbare representanter i god tid før årsmøtet

Styret kan:

1. Erverve eller leige naudsynte tenester og utstyr for laget sitt føremål
2. Inngå grunneigarvataler

§7 Økonomi

Laget sin økonomi er basert på tilskot, innbetaling frå hytteigarar og andre brukarar av løypenettet, reklameinntekter og spelemidlar.

§8 Vedtektsendringar

Endringar i desse vedtektene kan berre gjerast på ordinært årsmøte eller ekstraordinært årsmøte etter forslag frå eit samrøysta styre, og vedtaket må gjerast med 2/3 fleirtal av dei avgjevne stemmene.

§9 Oppløysing

Oppløysing eller omdanning av Bjørnevatn løypelag kan berre handsamast på ordinært årsmøte etter forslag frå eit samrøysta styre. Blir oppløysinga vedtatt med minst 2/3 fleirtal, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte 3 månadar seinare. For at oppløysinga skal skje, må vedtaket vere med minst 2/3 fleirtal. Etter evt. oppløysing skal laget sine egedelar tilfalle lag/organisasjonar som vidarefører formålet, tur- og skiløyper i Bakkebu- og Bjørnevassområdet.
